

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	- Kunna laga ein CV - Kunna skriva ein jobbsøknad - Vita kva ei stillingsannonse er
Matematikk	- Øva på setja opp budsjett og rekneskap som førebuing til elevbedrift - Kunna systematisera og beskriva talmønster med ord, teikningar og algebraiske uttrykk
Samfunnsfag	- Gje eksempel på berekraftige forbruksval - Sjå samanhengen mellom forbruk, personleg økonomi, livskvalitet og miljø - Kunna forklara forskjellen på levekår og livskvalitet - Kunna seia noko om kva som påverkar levekår, og korleis me måler levekår
KRLE	- Vita kor buddhismen er mest utbreidd - Kunna seia noko om kva det vil seie å vere ein buddhist
Naturfag	- Utforska nokre kjemiske reaksjonar og vurdera sikkerheitstiltak som er knytte til forsøka - Bruka periodesystemet til å forklara nokre typiske eigenskapar for metall, molekylsambindingar og salt - Forklara kva massebevaring i kjemiske reaksjonar går ut på, og kunna avgjera om ei reaksjonslikning er balansert
Musikk	Kunna fleire norske folkedansar
M&H	- Planleggja og bruka eigna reiskap, teknikkar og matlagingsmetodar til å laga trygg og berekraftig mat som gir grunnlag for god helse - Bruka sansane til å vurdera kvaliteten på matvarer, utforska og kombinera smakar i matlaginga og forbetra oppskrifter, menyar og anretning av mat - I teorien skal vi jobbe med kosthaldsråda og næringsstoffa.
Kroppsøving	Basistrening - Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar - Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/individuelle idrettar Innsats: - Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre - Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeid med andre
Spansk	- Læra framtidsformen ir + a + infinitiv - Repetisjon av verb i presens + klokka - Rett bøying og bruk av verbet querer

Tysk	Fag, timeplan, haben og sein i preteritum. (Førebu deg til prøve torsdag veke 40)
Arbeidslivsfag	- Delta aktivt i arbeidsoppgåver på arbeidsplassen og nytta relevante arbeidsmetodar og verktøy. - Visa ansvar, samarbeida med andre og følgja arbeidsplassen sine reglar og rutinar.
Fysisk aktivitet	- Vera ein god lagspelar og gjera kvarandre gode - Kunna oppmuntra, inkludera og samarbeida godt med alle
Friluftsliv	Planlegga og gjennomføra turar
Produksjon for scene	Planleggje og delta i scenisk produksjon for publikum.

INFORMASJON TIL HEIMEN
Psykisk helseveke I veke 40 markerer me verdsdagen for psykisk helse. Årets tema er : «Tillit er beredskap. Kvar handling tel»: Elevane vil klassevis arbeida med temaet i nokre timar i løpet av veka. Heile trinnet skal på onsdag få vera med på Brits magiske bingo i aulaen. På fredag har valfagsgruppene laga ulike aktivitetar elevane kan melda seg på som: volleyball, programmering, quiz og konkurransar, bålkos med pinnebrød og aktivitetar, QR-rebus og designoppgåver. Utviklingssamtalar Me nærmar oss utviklingssamtalane. Dei startar opp i vekene etter haustferien. Haustrferie I veke 41 er det haustferie. God ferie, me sjåast! Helsing oss på 9.trinn

PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR			
Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Tysk	Skriftleg prøve		Torsdag veke 40

HEIMEARBEID VEKE 40	
Norsk	Les 3 x 20 min i boka di. Registrer sidetalet hos læraren din.

	9C: Få ferdig CV og søknad innan torsdag om du ikkje har fått gjort det i skuletida.
Samfunnsfag	Les s. 272 – 275. Skriv svar på spørsmåla . 275.
Musikk	Me dansar folkedansar i aulaen. Øv heime på grunnleggjande trinn om det er vanskeleg å få det til.
M&H	På kjøkken: Me skal laga pøselapskaus, tilslørte bondepiker, boller Teori: Kapittel 2+3: Mat for glede og god helse (næringsstoff og kostråd)
Kroppsøving	Basistrening Hugs å ta med gymklede og sko til å vera ute eller inne (etter beskjed frå læraren.)
Spansk	Arbeid med tidsuttrykk + repetisjon av regelrette verb. Gjer oppgåve 1 s. 30 + oppgåve 1a s. 31 i arbeidsboka.
Tysk	Prøve skriftleg (fag, timeplan, teksten «Schulen in Deutschland»
Fysisk aktivitet	Tema: Uthaldstrening/springing, sjå teams for plan for øktene. Møt i Timehallen med passende klær etter veret.
Friluftsliv	Møt i klasserommet. Me skal skriva turlogg og snakka om eigentur/planlegging.
Produksjon for scene	Ha klart alt som skal vere klart til verdsdagen for psykisk helse til timane denne veka.

HEIMEARBEID VEKE 42	
Norsk	Les 3 x 20 min i boka di. Registrer sidetalet hos læraren din.
Matematikk	Gjer oppgåve 2.6, 2.7 og 2.9 side 65-66 i grunnboka. Løys oppgåvene i arbeidsboka di. Ta skjermbilete av arbeidet, og legg det inn under heimearbeid på OneNote.
Samfunnsfag	Les s. 218 – 221. Skriv 5 fakta om kva eit låginntektsland er, eller gjer refleksjonsoppgåva s. 221.
Musikk	Me dansar folkedansar i aulaen. Øv heime på grunnleggjande trinn om det er vanskeleg å få det til.
M&H	På kjøkken: Me skal laga pøselapskaus, tilslørte bondepiker, boller Teori: Kapittel 2+3: Mat for glede og god helse (næringsstoff og kostråd)
Kroppsøving	Basistrening Hugs å ta med gymklede og sko til å vera ute eller inne (etter beskjed frå læraren.)
Spansk	Vidare arbeid med framtid. Gjer oppgåve 5 s. 34 i arbeidsboka.
Tysk	Kunna presentera ein venn/munnleg og skriftleg- jobb med oppgåva.
Fysisk aktivitet	Tema: Uthaldstrening/springing, sjå teams for plan for øktene. Møt i Timehallen med passende klær etter veret.
Friluftsliv	Gå på eigentur -du har fått info i veke 40. Sjå OneNote under Eigentur.

